

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSREKOMMANDASJON

2016/EØS/47/91

av 20. desember 2006

om vern av mindreårige og menneskeverdet, og om tilsvarsretten i samband med konkurransevna til den europeiske industrien for audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester

(2006/952/EF)(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN —

som viser til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 157,

som viser til framlegget frå Kommisjonen,

som viser til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

som viser til samråd med Regionutvalet,

som tek avgjerda si etter den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

som legg desse synsmåtane til grunn:

1) I artikkel 1 i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar⁽³⁾ (heretter kalla «pakta») vert det slått fast at menneskeverdet er ukrenkjeleg og skal respekterast og vernast. I artikkel 24 i pakta er det fastsett at barn har rett til det vernet og den omsorga som er naudsynt for velferda deira, og at barnets beste må kome i første rekkje i alle tiltak som er retta mot barn, anten dei vert gjorde av offentlege styresmakter eller av private institusjonar.

2) Den europeiske unionen bør gjere ein politisk innsats for å hindre alle former for brot på prinsippet om respekt for menneskeverdet.

3) Det må innførast regelverkstiltak på unionsplan som er retta mot vern av den fysiske, mentale og moralske utviklinga hjå mindreårige med tanke på innhaldet i alle audiovisuelle tenester og informasjonstenester, og vern av mindreårige ved å hindre tilgang til upassande program eller tenester som er meinte for vaksne.

4) I lys av den stadige utviklinga av ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi er det svært viktig at Fellesskapet sikrar eit fullgodt og føremålstenleg vern av interessene til borgarane på dette området, ved å garantere at informasjonstenester vert ytte og spreidde gratis, og ved å sikre at innhaldet er lovleg, respekterer prinsippet om menneskeverd og ikkje er til skade for den allmenne utviklinga av mindreårige.

5) Fellesskapet har alt vore aktive på området audiovisuelle tenester og informasjonstenester med sikte på å skape dei føresetnadene som er naudsynte for å sikre fri rørsle når det gjeld fjernsynskringkasting og andre informasjonstenester, i samsvar med prinsippa om fri konkurranse og ytrings- og informasjonsfridom, men bør handle meir målretta på dette området ved å vedta tiltak som vernar forbrukarane mot all form for oppmoding om skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, rase eller etnisk opphav, religion eller tru, funksjonshemming, alder eller seksuell legning. Slike tiltak bør syte for ei jamvekt mellom vern av individuelle rettar på den eine sida, og ytringsfridom på den andre, særleg med omsyn til det ansvaret som medlemsstatane har for å definere omgrepet oppmoding til hat eller skilnadshandsaming i samsvar med den nasjonale lovgjevinga si og dei moralske verdiane sine.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 378 av 27.12.2006, s. 72, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 54/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 42.

(1) TEU C 221 av 8.9.2005, s. 87.

(2) Europaparlamentsfråsegn av 7. september 2005 (TEU C 193 E av 17.8.2006, s. 217), felles haldning frå Rådet av 21. september 2006 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og haldning frå Europaparlamentet av 12. desember 2006 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

(3) TEF C 364 av 18.12.2000, s. 1.

- 6) Rådsrekommendasjon 98/560/EF av 24. september 1998 om utviklingen av europeisk industris konkurransevne på området audiovisuelle tjenester og informasjonstjenester, gjennom utarbeidelsen av nasjonale rammer som tar sikte på å nå sammenlignbar og effektiv beskyttelse av mindreårige og menneskeverdet⁽¹⁾, er det første juridiske verkemiddelet på fellesskapsplan som, i synsmåte 5, tek opp spørsmål som gjeld vern av mindreårige og menneskeverdet i samband med audiovisuelle tenester og informasjonstenester som er tilgjengelege for ålmenta, utan omsyn til spreingsmåte. Spørsmålet om vern av mindreårige og menneskeverdet med omsyn til fjernsynskringkastingsverksemd har alt vorte handsama særskilt i artikkel 22 i rådsdirektiv 89/552/EØF av 3. oktober 1989 om samordning av visse bestemmelser om utøvelse av fjernsynsvirksomhet, fastsatt ved lov eller forskrift i medlemsstatene⁽²⁾ («fjernsyn utan grenserdirektivet»).
- 7) Det er gjort framlegg om at Rådet og Kommisjonen bør leggje særleg vekt på gjennomføringa av denne rekommandasjonen når dei reviderer, forhandlar om eller inngår nye partnerskapsavtaler eller nye samarbeidsprogram med tredjestatar, samstundes som dei bør ta omsyn til at produsentar, distributørar eller leverandørar av audiovisuelt innhald og Internett-tilgang har ein verdsomfattande karakter.
- 8) Ved vedtak nr. 276/1999/EF⁽³⁾ vedtok Europaparlamentet og Rådet ein fleirårig fellesskapshandlingsplan for å fremje sikrare bruk av Internett ved motkjemping av ulovleg og skadeleg innhald på verdsomfattande nett («handlingsplanen for eit sikrare Internett»).
- 9) Ved europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1151/2003/EF⁽⁴⁾ vart handlingsplanen for eit sikrare Internett lengd med to år, og verkeområdet vart endra til å omfatte tiltak for å fremje utveksling av informasjon og samordning med relevante aktørar på nasjonalt plan, og dessutan særlege føresegnar for søkjarstatane.
- 10) Ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/31/EF av 8. juni 2000 om visse rettslege aspekter ved informasjonssamfunnstjenester, særleg elektronisk handel, i det indre marked⁽⁵⁾ vart visse rettslege omgrep klargjorde og visse aspekt harmoniserte for at prinsippa for den indre marknaden skal kunne utnyttast fullt ut i informasjonssamfunnstenestene. Ein del av føresegnene i direktiv 2000/31/EF er òg relevante med omsyn til vern av mindreårige og menneskeverdet, særleg artikkel 16 nr. 1 bokstav e), der det står at medlemsstatane og Kommisjonen skal oppmuntre til at det vert fastsett åttferdsreglar med omsyn til vern av mindreårige og menneskeverdet.
- 11) Medielandskapet endrar seg stadig som følgje av ny teknologi og nyskapingar innanfor media, og difor er det naudsynt å lære barn, foreldre, lærarar og instruktørar korleis dei skal nytte audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester på ein effektiv måte.
- 12) I det store og heile verkar det som om eigenkontroll i den audiovisuelle sektoren er eit verknadsfullt tilleggstiltak, men det er ikkje tilstrekkeleg til å verne mindreårige mot meldingar med skadeleg innhald. Utviklinga av eit europeisk audiovisuelt område som byggjer på ytringsfridom og respekt for borgarane sine rettar, bør byggje på ein jamleg dialog mellom nasjonale og europeiske regelgjevarar, reguleringsstyresmakter, industrien, samanslutningar, borgarar og det sivile samfunnet.
- 13) I det offentlege samrådet om europaparlaments- og rådsdirektiv 97/36/EF av 30. juni 1997 om endring av rådsdirektiv 89/552/EØF om samordning av visse bestemmelser om utøvelse av fjernsynsvirksomhet, fastsatt ved lov eller forskrift i medlemsstatene⁽⁶⁾ vart det gjort framlegg om at behovet for å vedta tiltak som gjeld mediekunnskap, skal takast med blant dei emna som er omfatta av rekommandasjon 98/560/EF.
- 14) Kommisjonen oppmodar om samarbeid og utveksling av røynsler og beste praksis mellom eksisterande eigenkontroll- og samreguleringsorgan som arbeider med vurdering eller klassifisering av audiovisuelt innhald, utan omsyn til korleis det vert levert, slik at alle brukarar, men særleg foreldre, lærarar og instruktørar, skal kunne melde frå om ulovleg innhald og vurdere innhaldet både i audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester og i alt anna lovleg innhald som kan vere til skade for den fysiske, mentale eller moralske utviklinga hjå mindreårige.
- 15) Slik det vart gjort framlegg om under det offentlege samrådet om direktiv 97/36/EF, bør tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak nyttast på direktekopla medium, og det bør takast omsyn til dei særlege eigenskapane til det mediet og den tenesta som det gjeld.

⁽¹⁾ TEF L 270 av 7.10.1998, s. 48.

⁽²⁾ TEF L 298 av 17.10.1989, s. 23. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/36/EF (TEF L 202 av 30.7.1997, s. 60).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 276/1999/EF av 25. januar 1999 om vedtaking av ein fleirårig fellesskapshandlingsplan for å fremje sikrare bruk av Internett ved motkjemping av ulovleg og skadeleg innhald på verdsomfattande nett (TEF L 33 av 6.2.1999, s. 1). Vedtaket sist endra ved vedtak nr. 787/2004/EF (TEU L 138 av 30.4.2004, s. 12).

⁽⁴⁾ Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1151/2003/EF av 16. juni 2003 om endring av vedtak nr. 276/1999/EF om vedtaking av ein fleirårig fellesskapshandlingsplan for å fremje sikrare bruk av Internett ved å motkjempe ulovleg og skadeleg innhald på verdsomfattande nett (TEU L 162 av 1.7.2003, s. 1).

⁽⁵⁾ TEF L 178 av 17.7.2000, s. 1.

⁽⁶⁾ TEF L 202 av 30.7.1997, s. 60.

- 16) I rådsresolusjon av 5. oktober 1995 om framstilling av kvinner og menn i reklame og media⁽¹⁾ vert medlemsstatane og Kommisjonen oppmoda om å gjere høvelege tiltak for å fremje eit mangfaldig og realistisk bilete av kvalifikasjonane og potensialet til kvinner og menn i samfunnet.
- 17) I samband med framlegget frå Kommisjonen om eit rådsdirektiv for gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner når det gjeld tilgang til og yting av varer og tenester, peika Kommisjonen på at framstillinga av kjønna i media og reklame reiser viktige spørsmål om vern av vordnaden til menn og kvinner, men konkluderte med at det i lys av andre grunnleggjande rettar, medrekna fridommen og mangfaldet til media, ikkje ville vere føremålstenleg å ta opp desse spørsmåla i det nemnde framlegget, men at han bør granske dei nærmare.
- 18) Industrien for audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester bør oppmodast på medlemskapsplan om å ta opp kampen mot og unngå alle typar skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, rase eller etnisk opphav, religion eller tru, funksjonshemming, alder eller seksuell legning i slike medium og i all reklame, medrekna nye reklameteknikkar, utan at ytrings- eller pressefridommen vert krenkt.
- 19) Denne rekommandasjonen omfattar den nye teknologiske utviklinga og utfyller rekommandasjon 98/560/EF. Som følgje av teknologiske framsteg omfattar verkeområdet hans audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester som vert gjorde tilgjengelege for ålmenta gjennom faste eller mobile elektroniske nett.
- 20) Denne rekommandasjonen er ikkje til hinder for at medlemsstatane kan nytte sine eigne forfatningsføresegner og andre lover og annan rettspraksis som gjeld ytringsfridom —
- TILRÅR FØLGJANDE:
- I. At medlemsstatane, for å fremje utviklinga i industrien for audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester, gjer dei tiltaka som er naudsynte for å sikre vern av mindreårige og menneskeverdet i alle audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester ved å
1. vurdere om det skal innførast tiltak i nasjonal lovgeving eller praksis med omsyn til tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak når det gjeld direktekopla medium, samstundes som det skal takast tilbørleg omsyn til nasjonale lovføresegner og forfatningsrettslege føresegner, og utan at det rører ved høvet til å tilpasse måten denne retten skal utøvast på for å ta omsyn til særlege eigenskapar ved kvar einskild type medium,
2. for å stimulere til bruk av teknologiske nyvinningar som eit tillegg til og i samsvar med eksisterande rettslege tiltak og andre tiltak som gjeld kringkastingstenester, og i nært samarbeid med dei partane som det gjeld, fremje
 - a) tiltak som gjer det mogleg for mindreårige å nytte audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester på ein forsvarleg måte, særleg ved å gjere foreldre, lærarar og instruktørar meir medvitne om potensialet til dei nye tenestene og korleis dei kan gjerast trygge for mindreårige, særleg gjennom mediekunnskaps- eller medieutdanningsprogram, og t.d. ved vidareopplæring innanfor skuleundervisninga,
 - b) tiltak som gjer det enklare å identifisere og få tilgang til kvalitetsinnhald og -tenester for mindreårige der dette er høveleg og naudsynt, m.a. ved å gje slik tilgang ved utdanningsinstitusjonar og på offentlege stader,
 - c) tiltak for å gje borgarane fleire opplysningar om korleis dei best kan nytte Internett,

vedlegg II inneheld døme på moglege tiltak på området mediekunnskap,
 3. fremje ei ansvarleg haldning blant fagfolk, formidlarar og brukarar av nye kommunikasjonsmedium, t.d. Internett, ved å
 - a) oppmode industrien for audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester, utan at ytrings- eller pressefridommen vert krenkt, om å unngå all skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, rase eller etnisk opphav, religion eller tru, funksjonshemming, alder eller seksuell legning, i alle audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester, og å ta opp kampen mot slik skilnadshandsaming,
 - b) oppmode om aktsemd og at sider som vert rekna som ulovlege, vert rapporterte, utan at det rører ved direktiv 2000/31/EF,
 - c) utarbeide åtferdsreglar i samarbeid med fagfolk og reguleringsstyresmakter på nasjonalt plan og på fellesskapsplan,
 4. fremje tiltak for å ta opp kampen mot all ulovleg verksemd på Internett som er skadeleg for mindreårige, og gjere Internett til eit mykje sikrare medium; til dømes ved å vurdere følgjande tiltak:
 - a) innføring av kvalitetsmerking for tenesteytarar, slik at brukarane lett kan kontrollere om ein viss tenesteytar følgjer åtferdsreglar eller ikkje,
 - b) utarbeiding av føremålstenlege rapporteringsmåtar ved ulovleg og/eller mistenkjeleg verksemd på Internett.

(¹) TEF C 296 av 10.11.1995, s. 15.

II. At industrien for audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester og andre partar som det gjeld,

1. utarbeider positive tiltak til gagn for mindreårige, medrekna initiativ for å gje dei lettare tilgang til audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester, samstundes som potensielt skadeleg innhald vert unngått, t.d. ved bruk av filtreringssystem. Slike tiltak kan omfatte harmonisering gjennom samarbeid mellom regulerings-, eigenkontroll- og samreguleringsorgan i medlemsstatane, og gjennom utveksling av beste praksis i slike spørsmål, som t.d. eit system med felles forklarande symbol eller åtvaringar som viser aldersgruppe og/eller kva sider ved innhaldet som ligg til grunn for ei viss aldersmerking, noko som vil hjelpe brukarane med å vurdere innhaldet i audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester. Dette kan t.d. gjerast ved hjelp av dei tiltaka som er førte opp i vedlegg III,
2. undersøker om det er mogleg å lage filter som kan hindre at informasjon som krenkjer menneskeverdet, vert spreidd gjennom Internett,
3. utarbeider tiltak for å auke bruken av system for innhaldsmerking av materiale som vert spreidd over Internett,
4. vurderer verksame måtar for å ta opp kampen mot og unngå skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, rase eller etnisk opphav, religion eller tru, funksjonshemming, alder eller seksuell legning i audiovisuelle tenester og direktekopla informasjonstenester, og for å fremje eit mangfaldig og realistisk bilete av dei kvalifikasjonane og det potensialet som kvinner og menn har i samfunnet.

MERKJER SEG AT KOMMISJONEN

1. tek sikte på, i samband med det fleirårige fellesskapsprogrammet (2005–2008) om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi, å fremje informasjonstiltak retta mot borgarar i heile Europa ved å ta i bruk alle kommunikasjonsmedium, å gje ålmenta opplysningar om føremonene og dei moglege farane ved Internett, korleis Internett kan nyttast på ein

ansvarleg og trygg måte, korleis klager kan setjast fram og korleis foreldrekontroll kan takast i bruk. Det bør rettast særlege kampanjar mot målgrupper som t.d. skular, foreldreforeiningar og brukarar,

2. tek sikte på å undersøkje om det er mogleg å innføre eit europeisk gratisnummer eller utvide ei eksisterande teneste for å hjelpe Internett-brukarar ved å vise dei til tilgjengelege klageordningar og informasjonsskjelder, og gje foreldre informasjon om kor effektiv filtreringsprogramvara er,
3. tek sikte på å undersøkje om det er mogleg å støtte innføringa av eit generisk hovuddomenenamn som er reservert for nettstader som vert overvaka, og som pliktar seg til å respektere mindreårige og rettane deira, t.d. .KID.eu,
4. held fram med å føre ein konstruktiv og jamleg dialog med organisasjonane til innhaldsleverandørar, forbrukarorganisasjonar og alle partane som det gjeld,
5. tek sikte på å fremje og støtte at eigenkontrollorgan danner nettverk og utvekslar røynsler seg imellom, for å kunne vurdere kor verksame åtferdsreglane og metodane som byggjer på eigenkontroll, er, og dermed sikre best moglege standardar for vern av mindreårige,
6. tek sikte på å sende over til Europaparlamentet og Rådet, på grunnlag av opplysningar frå medlemsstatane, ein rapport om gjennomføringa og effektiviteten av dei tiltaka som er førte opp i denne rekommandasjonen, og å revidere denne rekommandasjonen dersom og når det er naudsynt.

Utfërda i Brussel, 20. desember 2006.

For Europaparlamentet

J. BORRELL FONTELLES

President

For Rådet

J. KORKEAOJA

Formann

*VEDLEGG I***RETTLEIANDE RETNINGSLINJER FOR GJENNOMFØRING PÅ NASJONALT PLAN AV TILTAK I NASJONAL LOVGJEVING ELLER PRAKSIS FOR Å SIKRE TILSVARSRETTE ELLER TILSVARANDE RETTSLEGE TILTAK NÅR DET GJELD DIREKTEKOPLA MEDIUM**

Målet er å innføre tiltak i nasjonal lovgjeving eller praksis i medlemsstatane for å sikre tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak når det gjeld direktekopla medium, samstundes som det vert teke omsyn til nasjonale lovføresegner og forfatningsrettslege føresegner, og utan at det rører ved høvet til å tilpasse måten denne retten skal utøvast på med omsyn til særlege eigenskapar ved kvar einskild type medium.

Uttrykket «medium» viser til alle kommunikasjonsmiddel for spreing av redigert direktekopla informasjon til ålmenta, t.d. aviser, tidsskrift, radio, fjernsyn og Internett-baserte nyhendetenester.

Után at det rører ved andre sivilrettslege, forvaltingsrettslege eller strafferettslege føresegner som medlemsstatane har vedteke, bør alle fysiske eller juridiske personar, utan omsyn til nasjonalitet, som har rettkomme interesser, særleg når det gjeld omdømme og godt rykte, men ikkje avgrensa til dette, i dei høva der dei har vore utsette for ein påstand i ein publikasjon eller ei overføring, ha rett til tilsvar eller tilsvarande rettslege tiltak. Medlemsstatane bør syte for at den faktiske utøvinga av retten til tilsvar eller tilsvarande rettslege tiltak ikkje vert hindra ved ilegging av urimelege vilkår.

Tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak bør gjelde for direktekopla medium innanfor jurisdiksjonen til ein medlemsstat.

Medlemsstatane bør vedta dei tiltaka som er naudsynte for å innføre retten til tilsvar eller til tilsvarande rettslege tiltak, og fastsetje kva framgangsmåte som skal følgjast for å utøve han. Dei bør særleg syte for ein tilstrekkeleg tidsfrist og høvelege framgangsmåtar, slik at tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak kan utøvast på ein høveleg måte av fysiske eller juridiske personar som er busette eller etablerte i andre medlemsstatar.

Tilsvarsretten kan sikrast ikkje berre ved lovgjeving, men òg gjennom samregulerings- eller eigenkontrolltiltak.

Tilsvarsretten er eit særleg høveleg rettsleg tiltak når det gjeld dei nettbaserte miljøa, fordi det straks kan reagerast på omstridde opplysningar, og det er teknisk mogleg å leggje ved svar frå dei personane som det gjeld. Tilsvaret bør likevel kome innan ei rimeleg tid etter at oppmodinga er grunngeven, og på eit tidspunkt og på ein måte som er høveleg med omsyn til den publikasjonen eller overføringa som oppmodinga gjeld.

Det bør fastsetjast framgangsmåtar for korleis tvistar om utøvinga av tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak kan prøvast for domstolane eller tilsvarande uavhengige organ.

Ein søknad om utøving av tilsvarsretten eller tilsvarande rettslege tiltak kan avisast dersom søkjaren ikkje har ei rettkomen interesse i at eit slikt tilsvar vert offentleggjort, eller dersom tilsvaret vil innebere ei straffbar handling, utsetje innhaldsleverandøren for sivile søksmål eller krenkje den offentlege moralen.

Tilsvarsretten skal ikkje røre ved andre rettslege tiltak som er tilgjengelege for personar som har fått vørdnaden sin, æra si, ryktet sitt eller personvernet sitt krenkt av media.

VEDLEGG II

Døme på moglege tiltak som gjeld mediekunnskap:

- a) Jamleg utdanning av lærarar og instruktørar, i samarbeid med samanslutningar som arbeider med vern av barn, om bruk av Internett innanfor skuleundervisninga, for såleis å halde ved lag medvitet om moglege farar ved Internett, særleg når det gjeld samtalerom og liknande forum.
- b) Innføring av særleg opplæring i Internett for barn frå svært tidleg alder, medrekna leksjonar som er opne for foreldre.
- c) Ein integrert utdanningsstrategi som ein del av læreplanar og program for mediekunnskap, for såleis å gje informasjon om ansvarleg bruk av Internett.
- d) Tilskipping av nasjonale kampanjar som er retta mot borgarane, der alle kommunikasjonsmedium vert tekne i bruk, for å gje informasjon om ansvarleg bruk av Internett.
- e) Spreiing av informasjonspakkar om moglege farar ved Internett («korleis surfe trygt på Internett», «korleis filtrere uønskte meldingar»), og innføring av direktelinjer for rapportering av eller klager om skadeleg eller ulovleg innhald.
- f) Høvelege tiltak for å skipe eller betre kapasiteten til direkte telefonlinjer, slik at det vert lettare å formidle klager og å gjere det mogleg å rapportere om skadeleg eller ulovleg innhald.

VEDLEGG III

Døme på moglege tiltak for mindreårige frå industrien og dei partane som det gjeld:

- a) Systematisk gje brukarar som teiknar abonnement hjå ein tenesteytar, tilgang til effektive filtreringssystem som kan ajourførast og er lette å nytte.
 - b) Tilby tilgang til tenester som er særleg meinte for barn, og som er utstyrte med automatiske filtreringssystem frå Internett-leverandørar og operatørar av mobiltelefonestener.
 - c) Innføre stimuleringstiltak for at omtala av dei tilgjengelege nettstadene vert jamleg ajourført, noko som gjer det lettare å klassifisere nettstadene og vurdere innhaldet deira.
 - d) Leggje inn banner i søkjemotorar for å rette merksemd mot tilgjengeleg informasjon om både ansvarleg bruk av Internett og om direkte telefonlinjer.
-